

## Årsmelding for Besteforeldrenes klimaaksjon Arktis, Tromsø og omegn, fra 1. februar 2020 til 6. mars 2021

BKA-laget vart stifta i 2018 og heldt sitt første årsmøte 1. februar 2020 på Tromsø bibliotek. I forkant arrangerte laget ope møte med føredrag av Jan-Gunnar Winther, fagdirektør ved Norsk Polarinstitutt: «Når issmelting blir storpolitikk», og musikalske innslag ved visediktaren Ragnar Olsen. Årsmøtet godkjente årsrapport og reknskap og vedtok vedtekter for laget saman med strategi for arbeidet, som slo fast at “BKA har som hovedformål å formidle klimakunnskap og mobilisere besteforeldregenerasjonen til handling/inspirere til deltakelse i aksjoner for klimasaken.” Fleire på årsmøtet ønskte at BKA skulle legge meir opp til aksjonar. Det vart lagt vekt på samarbeid med andre klima- og miljøorganisasjonar og deltaking på møte og arrangement for å presentere BKA og verve medlemmer. Kommunens klima- og energiplan skulle følgjast opp. Jfr. protokoll for årsmøtet 2020.

**Styret** konstituerte seg på første styremøte og har bestått av Ingunn Elstad, leiar; Toril Synnøve Jenssen, nestleiar; Torben Marthinussen, sekretær; Synnøve des Bouvrie, økonomiansvarleg; Asbjørg Fyhn styremedlem og ansvarleg for kontakt med andre grupper og organisasjonane i Tromsø-området som jobbar med klimasaka. Det vart bestemt at alle samarbeider om oppgåvene. Styret har hatt 12 møte mellom februar 2020 og mars 2021, to av dei på Skype.

### Lokallaget, medlemmene og organisasjonen.

Torben og Synnøve deltok på lokallagssamling i BKA i Oslo 28.-29.02, knytt til seminaret Broen til fremtiden. Etter at koronatiltaka vart innført, har Synnøve, Toril og Ingunn deltatt på digitale lokallagssamlingar/ årsmøte i BKA.

14. mai fekk vi besøk av BKA-aktivisten Normann Natland som syklar frå Alta til Bergen for å skape blest om klimasaka og promotere organisasjonen. Avisa iTromsø hadde eit fint avisoppslag der lokallaget fekk presentere seg.

Etter årsmøtet 2020 er det dessverre ikkje gjennomført medlemsmøte der medlemmene kunne diskutere klimaspørsmåla og arbeidet i lokallaget og fatte vedtak. Koronasituasjonen har hindra arrangement store delar av året, og i perioden då det var opning, har vi prioritert utadretta aktivitet. Det har vore mange viktige saker.

### Verving av medlemmer

I medlemsbrevet for juni vart medlemmene orientert om BKA's vervekampanje, og oppfordra til å verve medlemmer. Pensjonistforeninga ved NTL, UiT, fekk informasjon og vart spurta om å oppfordre medlemmene til å melde seg inn, men dei vurderte at det fall utanfor mandatet. I utsendingane til medlemmene har sekretæren og leiaren regelmessig oppfordra til medlemsverving, med utdjuping og begrunning. Vi hadde stand for medlemsverving 4. september i Storgata og 6. desember i turområdet Telegrafbukta, og møtte interesse begge gongane. Fleire meldte seg inn. Fleire stands var planlagt som måtte avlysast pga. koronasituasjon eller uvær. Lokallaget hadde annonse i Nordlys 17. november med

oppfordring om å melde seg inn i BKA, under overskrifta «Barnas klima – vår sak». Verveplakatar og løpesedlar vart trykt, og hengt opp og delt ut i bydelane og på biblioteka.

Mange medlemmer i lokallaget har vore aktive i å verve familie, kolleger og kjente. Ordninga med støttemedlemmer har vore ein stor fordel. På oppfordring frå sentralt har styremedlemmer ringt opp medlemmer som stod ute med kontingenenten. Resultatet er at BKA Arktis Tromsø og omegn i løpet av 2020 har fordobra medlemstalet frå 77 til 143 medlemmer. Vi opplever også at besteforeldreaksjonen begynner å bli betre kjent mellom folk. Vi fekk presentere oss kort i morgonsendinga til NRK Troms 3. mars 2021.

### **Klimakafé**

Medlemmer i styret starta opp med klimakafe først i juni: BKA-medlemmer vart invitert til å møtest uformelt på ein kafé i byen for å utveksle synspunkt og idear på arbeidsformer og aksjonar. Før sommaren møttest vi ein dag i veka, i haust kvar fjortande dag, med eit oppmøte på fire til åtte personar. Klimakafeen er blitt eit godt diskusjonsforum og har utvikla idear for aktiviteten. Vi har berre hatt klimakafe om føremiddagen, så deltakarane er stort sett pensjonistar.

### **Medlemsbrev**

Leiarane i det gamle og det nye styret har skrive i alt sju medlemsbrev gjennom 2020, med informasjon om arbeidet og planane, og oppfordringar til medlemmene om å delta i dei aktuelle aktivitetane.

### **Samarbeid lokalt**

Tidlegare samarbeid med miljøorganisasjonar er ført vidare, og Asbjørg har formidla samarbeid med mange organisasjonar og og kontakt med fagmiljø i 2020 (sjå nedanfor). Særskilt må nemnast Fremtiden i våre hender, som har lånt oss lokal til parolemaling og styremøte.

### **Avisinnlegg**

i koronatida har avisinnlegg vore ei viktig arbeidsform, sjå avsnittet under. Spesielt har Synnøve vore aktiv. Avisinnlegga ligg på lokallagssida til besteforeldreaksjonen <https://www.besteforeldreaksjonen.no/tromso/>

## **Aksjonar og arrangement:**

### **Kvinnedagen 8. mars:**

BKA slutta seg til Kvinnedagen i Tromsø 2020, og føreslo at ein hovudparole måtte ta opp klima. Denne hovudparolen vart godkjent: «Klimaendringer raserer livsgrunnlaget – klimahandling nå!», under seksjonen om internasjonal kvinnesolidaritet. Klima vart for første gong ei av hovudsakene under Kvinnedagen i Tromsø. På nettsida til Kvinnedagen begrunna Toril parolen med at ekstremveret og tørken rammar kvinnene i verda som har ansvar for jordbruk og vatn og mat til familiene. Vi laga i tillegg parolar og plakatar med «BKA's logo og Barnas framtid, vårt ansvar», «Tromsø kommune – Prioriter miljøvennlig transport!» og

«Forsvar klimaparagrafen § 112 i grunnloven!» Ca. 30 personar gjekk saman med oss under klimaparolen i 8.marstoget. Toril vart intervjua av NRK, og forklarte korfor klimasaka erva viktig i internasjonal kvinnesolidaritet. Lokallaget ved Toril har også deltatt i planlegginga av Kvinnedagen 2021 i Tromsø. Parolen «Klimaendringer raserer livsgrunnlaget – klimahandling nå!» er vedtatt som ein av hovudparolane for arrangementet.

### **Digital streik for klima**

Global digital aksjon for klimaet vart tillyst den 24. april, som ei vidareføring av skolestreikbevegelsen. Alle aldersgrupper og yrkesgrupper kunne delta. Lokallagsstyret oppfordra alle medlemmer i BKA og alle interesserte til å bli med i aksjonen. Oppfordring til å delta kom frå BKA sentralt. Vi kontakta Natur og Ungdom sentralt, som hadde hovudansvaret for arrangementet og den digitale registreringa av deltakarane. Folk tok bilde av seg sjølv, evt saman med husstandsmedlemmer, med ein personleg plakat med klimabodskapen. Bileta vart posta på sosiale media med hashtags. Lokallagsstyret til BKA føreslo ein bodskap frå formålsparagrafen til BKA. Vi baude også assistanse til medlemmer som har problem med internett. Det ser ut til at forholdsvis få deltok i aksjonen i vårt område. Det var deltakarar på ni stadar i Nord-Noreg. I ettertid kan vi nok oppsummere at det vart teknisk komplisert å delta, og mykje tid gjekk til den praktiske gjennomføringa. Vi fekk heller ikkje aktivt samarbeid med andre organisasjonar i området. Men det var første gong vi aksjonerte digitalt.

### **Arctic Center**

Styret vedtok å følgje opp «Arctic Center»-planane: Bygging av eit stort hyttefelt på Finnheia på Kvaløya med skianlegg. Det vart ei stor sak i Tromsø ut over i 2020, spesielt gjennom den tverrpolitiske gruppa «Bevar Finnheia / Rávdnemuotki», der Torben var aktiv. Saka skapte omfattande avisdebatt og vart behandla to gongar i kommunestyret. Styremedlemmer i BKA deltok i befaring og vardebrenning for Finnheia, og peika i avisinnlegg på at utgravingane av myra til hyttetomter ville frigjere store mengder CO<sub>2</sub>, og skade klimaet. Denne informasjonen vart viktig i debatten. 30. september vedtok Tromsø kommunestyre å seie nei til planane.

Avisinnlegg:

- Arctic Center i Tromsø Kommunens Klima-, miljø- og energiplan, av styret i BKA Arktis. *Nordlys, 24.april 2020.*
- Arctic Center, ta ansvar, se fremover og støtt de unge! Synnøve des Bouvrie, 22. september 2020.

### **Nord-Norgebanen**

Synnøve har arbeidd med Nord-Norgebanen i klimasamanheng, analysert debattane, skrive avisinnlegg og formidla kontakt mellom firmaet Norsk Bane og det nyoppredda Arktisk Jernbaneforum under fylkesrådet. Nord-Norgebanen må inn i Nasjonal transportplan 2022-2033, i staden for ein ny omgang med konseptvalgutredning.

Avisinnlegg:

- Høyhastighetstog i Nord-Norge, for klima og samfunn! Brev til samferdselsminister Knut Arild Hareid, av Synnøve des Bouvrie, *Nordlys, 11. mai 2020.*
- Nord-Norgebanen for klimaet! Arktisk Jernbaneforumet må gå foran! av BKAs lokallag Tromsø, ved Synnøve des Bouvrie, Torben Marthinussen, Toril S. Jenssen og Ingunn Elstad. *Se Nordlys 06.02.2021.*

### Framtidas energi: ope diskusjonsmøte

På klimakafeen kom det opp forslag om å arrangere eit ope diskusjonsmøte «Energi for framtida?» Vi ønsket å få belyst mulighetene for å dekke energibehovene utan ytterlegare naturinngrep. BKA arrangerte møtet 22. sept., i samarbeid med Naturvernforbundet og Fremtiden i våre hender. Innleiarar var Stein-Gunnar Bondevik, direktør for samfunnskontakt i Troms Kraft, og Geir Jørgensen, regionsekretær for Nord-Noreg i Naturvernforbundet. Svein-Gunnar Karlstrøm fra Fremtiden i våre hender presenterte Klimadugnaden, og Mark Selansky presenterte Sirevaag biokraftvarme. Det kom fram at i Troms er det lite potensiale for aukt kraftproduksjon ved opprusting av vasskraftanlegga, utan å bygge ut nye vassdrag. Eventuelle politiske mål om «fullelektrifisering» vil ikke la seg gjennomføre uten ytterligare naturinngrep. Mange meinte at vi må kombinere fleire energikjelder, og at det er nødvendig å tenke nytt og bruke mindre energi. Bondevik ville ta med seg innspela til det vidare strategiarbeidet i Tromskraft. Asbjørg hadde kontakta «Rødbanken», som støttar frivillig arbeid. Vi fekk låne lokalet vederlagsfritt. Koronatiltak vart gjennomført. Ca. 30 personar deltok.

### Klimasøksmålet

#### Avisinnlegg:

- Kva har 17. mai med klimasøksmålet å gjere? av Bjørg Strand og Tove Indregard. *Nordlys 11.mai 2020.* Innlegget skapte ein debatt der også Steinar Winther Christensen, leiar for BKA sentralt, deltok.

27. oktober arrangerte BKA **ope møte om klimasøksmålet** i «Rødbanken». Bestefar, journalist og forfattar John Gustavsen, og filosof Øyvind Stokke, hadde tankevekkande innleiingar og det vart ein god diskusjon. John Gustavsen stilte spørsmålet om kva som har skjedd når Noreg har gjort seg så avhengig av dei store pengestrømmene frå oljenæringa?

Den 3. november var det ei flott **lysmarkering** av klimasøksmålet i Tromsø, gjennomført av Natur og Ungdom og Naturvernstudentene, og vist i NRK. Det var planlagt at BKA skulle vere med, men vi måtte melde avbod i siste liten av koronaomsyn.

Norsk olje og den globale klimakrisa vart tatt opp i to avisinnlegg:

- Full fart bakover. Av Ingunn Elstad og Toril Jensen, *iTromsø 16.juni 2020.*
- Klimaet og arbeidsplassane i nord. Av Ingunn Elstad og Asbjørg Fyhn, *Nordlys e-avis 25.01.2021.*

Klimasøksmålet var også tema på «Internasjonalt seminar» den 25. februar 2021 – eit informasjons- og debattforum i Tromsø som er eit mangeårig samarbeid mellom solidaritets-student- og humanitære organisasjonar, og koordinert av FN-sambandet og Universitetet.

Natur og Ungdom leia møtet og hadde invitert innleiarar Nils Nerhus Rørstad frå sentralstyret i NU tok opp konsekvensane av Høgsterettsdommen, forskar Ingrid Solstad Andreassen og førsteamanuensis Maria Magdalena des Neves tok opp miljø og internasjonal havrett i Arktis, og Ingunn frå BKA tok opp klimasøksmålet frå seks portugisiske ungdommar og norsk oljepolitikk. Seminaret ligg på facebooklive

<https://www.facebook.com/150573824998821/videos/3535874276523977>

### **Aksjon mot atomdrivne ubåtar til Tromsø**

BKA-styret vart invitert til å delta i ei markering 7. juni mot atomdrivne u-båtar til sivil hamn på Tønsnes. Styret diskuterte om dette var ei sak for BKA, og kom fram til at det både dreier seg om tryggleiken for barn og unge og om klimaet. Fleire organisasjonar stilte opp banner og plakatar på gjerdet til hamna, tok bilde og la ut på sosiale media. Vi deltok med parolen «Barnas framtid – vårt ansvar» og BKA sitt banner.

I 2019 hadde kommunestyret i Tromsø vedtatt at atomdrivne ubåtar ikkje skulle få bruke sivil hamn i kommunen. 28. oktober 2020 behandla kommunestyret saka på nytt. I pressa kom det fram at sikkerheitsforholda ikkje er undersøkt og ivaretatt, og at ubåtane det galdt kan vere utrusta for å føre både atomstridshovud og konvensjonelle våpen. BKAstyret oppfordra medlemmene til å delta i ein demonstrasjon utanfor Rådhuset, arrangert av fleire organisasjonar. Om lag 50 menneske deltok på føremiddagen (med to meters avstand). Det var appellar, også frå BKA Arktis. Kommunestyret vedtok å tillate atomubåtane å bruke hamn i Tromsø.

Medlemmer av BKA og Nei til atomvåpen i Tromsø feira FN's forbod mot atomvåpen 22.01.21 med to små punktdemonstrasjonar. På plakatar vart det kravd at Noreg sluttar seg til forboden, og uttrykt frykt for våpenkappløpet i nordområda med atomdrivne ubåtar i farvatna våre. Det vart også spurd om USS Seawolf, som besøker kommunen fleire gongar om året, har atomvåpen om bord.

### **Stortingsvalget 2021**

Besteforeldrenes klimaaksjon sentralt hadde sendt brev til fylkesordførarar og fylkeslaga til dei politiske partia i fire fylke som ikkje har sett seg ambisiøse klimamål, mellom dei Finnmark og Troms, med oppfordring om å skjerpe måla. Lokallagsstyret planla å arbeide med klimainnspel til programprosessen i alle politiske parti hausten 2020, men arbeidet er forseinka av ressursgrunnar. På oppfordring frå BKA sentralt til lokallaga, formulerte vi i januar 2021 spørsmål til dei politiske partia som galdt klima og miljø. Dei blir samanfatta nasjonalt til bruk i valkampen. Det vart også laga ei oppsummering av klima- og miljøprogramma til dei politiske partia. Vi tok for oss programmet til Fremskrittspartiet.

For styret,

Ingunn Elstad, Asbjørg Fyhn og Toril Jensen.